



# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Buskerud fylkeskommune  
Postboks 3563

3007 DRAMMEN

Dykkar ref.

Vår ref.  
19/1256-1 19/15309  
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:  
15.11.2019

## **VALLDALEN OG VILLREIN. INNSPEL TIL REGIONAL PLAN FOR HARDANGERVIDDA 2019-2025**

Me viser til prosessen som har vore angående rullering av regional plan for Hardangervidda. I saka har ny grensesetting for nasjonalt villreinområde i Valldalen, Odda kommune, vore i sterkt fokus. I siste møte i styringsgruppa 19. september blei det vedteke at «Valldalen skal vera stølsdal på begge sider opp til 900 moh». Dette blir tilrådinga til fylkesutvala og fylkestinga i endelig sluttbehandling. I møtereferatet går det fram at det i møtet var «usikkerhet om endringen i Valldalen medfører behov for ny høring. Noen mente at alle forhold omkring dette området er svært godt belyst, mens andre var betenkt på at Støldal på østsiden ikke har vært eksplisitt hørt.»

Villreinnemnda for Setesdalsområdet har ikkje mottatt Regional plan på høring. Det burde me sjølvsagt hatt. Ein kan kanskje seie at me burde ha «snappa» opp saka på anna vis, men det har me diverre ikkje gjort før seint i haust. Når tilrådinga til fylkestinga angående Valldalen blei som den blei, ser me det naudsynt utover alle fristar, å komme med vårt synspunkt i saka. Bakgrunnen er at området, i tillegg til bruk av villreinen på Hardangervidda, også er eit viktig funksjonsområde for villreinen i Setesdal Ryfylke.

**Villreinnemnda for Setesdalsområdet går sterkt i mot at noverande grense for nasjonalt villreinområde i Valldalen blir innskrenka. Det er godt dokumentert Valldalen er eit svært viktig funksjonsområde for villreinen.**

I høyringsutkastet til regionalplanen blei det føreslått å gjere om dei vestlege delane og området innerst i dalen av Valldalen frå Nasjonalt villreinområde til «Støylsdal». Dette forslaget blei sett på som eit kompromiss der austleg side av Valldalen, der kalving tidvis skjer, blei opprettheldt som Nasjonalt villreinområde. Konsekvensutgreiinga til planen meinte den negative verknaden på villreinen ville vere større enn dei positive samfunnsseffektane ved forslaget. Miljødirektoratet, Fylkesmennene i Vestland, Vestfold og Telemark og Oslo og Viken mfl., uttalte seg negativt til forslaget om å innskrenke Nasjonalt villreinområde.

---

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no).  
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



Styringsgruppa sitt vedtak om å redusere nasjonalt villreinområde i Valldalen meir enn forslaget, gjer konflikten i forhold til villrein ennå større.

Ei omgjerung vil opne for meir aktivitet i dalen, t.d. hyttebygging. Dette vil vere svært uheldig fordi det vil generere meir ferdsel i villreinområdet. Me vil og vise til at OED så seint som i 2017 gav avslag til fire kraftverk i Valldalen. Dei negative konsekvensane for villreinen, og det at dette er eit nasjonalt villreinområde, var ein sentral del av argumentasjonen.

I begge villreinområda er det svært viktig å legge til rette for at viktige årstidsbeiter har så god tilgjengelegheit som mogleg. Det at ein forventar større behov for vinterbeiteareal i utkanten av villreinområda som følge av endra klima, tilseier at viktigheita av tilgjengelig vinterbeite vil auke i framtida. Dette gjeld ikkje minst for Setesdal Ryfylke der det er marginale vinterbeiter. Villreinen sine moglegheiter for å oppsøke alternative beiteområder er derfor særdeles viktig.

Hardangervidda og Setesdal Ryfylke er dei to største villreinområda i Norge. Det er intensjonen i Heiplanen (Regionalplanen for bl a Setesdal Ryfylke) og Regional plan for Hardangervidda om å auke utvekslinga av dyr mellom bestandane. Områda aust for Valldalen kan få forsterka verdi når ny Dyrskartunnel (E134) opnar for betre trekkmoglegheiter mellom Setesdalsheiane og Hardangervidda.

Villrein er en nasjonal ansvarsart og Norge har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og leveområda. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ei bit for bit utbygging og fragmentering av villreinen sine leveområde. Eit mål med regionalplanen er nettopp å ta vare på villreinen og leveområda. Å gjere Valldalen om frå eit nasjonalt villreinområde til ein støyldal, vil etter villreinemnda sitt syn, vere i strid med dette målet.

Dokumentet er utarbeida i samråd med arbeidsutvalet i villreinemnda.

Vennleg helsing

Margit Smeland  
leiar

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Oslo og Viken	Postboks 325	1502 MOSS
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103 TØNSBERG
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485 TRONDHEIM
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750 ODDA
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702 SKIEN
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	v/Egil Rønning	